



ÅRDSMEDLEMMENE OG LEIAR I RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 21.03.2024

Klokka 10.30 - 15.00

Stad: Heradsstyresalen i Kvam

Møteplan 2024 for Hardangerrådet, godkjent 28.09.2023 gjeld som møteinkalling.

Agenda:

09.00 - 10.30 Årsmøte i Hardangerrådet iks

10.30 - 11.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.15 Lunsj

12.15 - 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 06/24 Meldingar

**HR-sak 07/24 Søknad om støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til
Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter
for Hardangerregionen-Fase 2**

HR-sak 08/24 Norsk Hydrogensymposium 2024. Søknad om støtte

HR-sak 09/24 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

HR-sak 10/24 Orienterings- og drøftingssaker

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

Kinsarvik 14.03.2024

**Timo Knoch/s
rådsordførar**

**Trude Rinaldo
konsulent**



Møtedato 21.03.24

Saksansvarleg Trude Rinaldo

HR-sak 06/24 Meldingar

Melding 1: Memo alkoholreklame frå siderklynga i Hardanger v/ Anna Gursli Langesæter av 26.01.2024

Melding 2: Invitasjon til omvising og orientering om Hesthamar skrivargard, av 5.2.24 frå

Memo Alkoholreklame

Først vil me understreke at me støtter opp under alkohollovgjevinga og praktiseringa av denne i Noreg. Når me likevel foreslår nokre endringar gjennom dette notatet, er det med grunngjeving i at alkohollova frå 1989 også må ta hensyn til nye næringar som etablerer seg, og nye kommunikasjonsplattformer og -former som ikkje eksisterte då lova vart laga (t.d. sosiale medier), og det er då naturleg at det vil vere behov for justeringar. Lovendringa i 2016 som gav oss siderprodusentar høve til å selge alkohol frå gardane, er kanskje det beste dømet på dette i nyare tid.

Forbod mot alkoholreklame er strengt og skal vere strengt etter vårt syn. Samstundes opplevest det som utfordrande for oss som driv sidernæring å kommunisere innanfor lovverket. Grunnen til det er at me driv meir enn berre alkoholproduksjon. Me er ei næring i skjeringspunktet fruktgard, vidareforedling, reiselivsprodukt og alkoholproduksjon.

For oss er ikkje alkoholen bærebjelken i produksjonen. Det bærande og drivande, er at me kan utvikle fruktgardane våre, få ut det beste av dei fantastiske råvarene våre, og samstundes lage eit produkt om er etterspurd og verdsett. Alt det me synest er positivt, som hausting av eple, pressing, gjæring og tapping på flasker, er ulovleg å kommunisere. Me meiner dette er kvalitetar som burde vore mogleg å kommunisere. Reiselivet, det lokale næringslivet, lokalpolitikarane er stolte av næringa vår. Sidernæringa skapar bulyst i lokalsamfunna og gjer det meir attraktivt å ta over gardar i distrikta. Men me får ikkje i tilstrekkeleg grad moglegheita til å formidle det ut.

Dagens regelverk har enkelte unntak frå reklameforbodet (alkoholforskriften § 14-3), men desse er dessverre lite tilpassa små landbruksbaserte bedrifter som sidernæringa består av. Under her viser me forslag til endringar som er meint som innspel og grunnlag for vidare drøfting. Eit utgangspunkt kan vere å byggje vidare på grunngjevinga for endring av lova i 2016. Då var det ei forutsetning at tilverknaden og salet skal utgjere ein del av staden sin heilskaplege karakter og salstilbod.

1. Kulinariske Noreg: Reiselivspakkar, Mat og drikke i kombinasjon

Skal ein lykkast med å byggja kulinariske destinasjonar og matnasjonen Noreg, trengs det etter vår vurdering unntak tilpassa dei små lokalmat- og drikkeprodusentane og reiselivsnæringa.

Unntak nr 9 § 14-3 alkoholforskrifta:

Unntaket gir adgang til å gi nøktern og faktabasert informasjon om at alkohol inngår i mat- og drikkepakker ved et skjenkested eller at opplevelser knyttet til alkohol inngår i reisearrangementer. Det kan ikke vises bilder eller illustrasjoner av alkoholholdig drikk og informasjonen skal ikke kunne knyttes til spesifikke alkoholprodukter eller -produsenter.

Dagens unntak nr 9 opnar altså for å gje nøktern, ikkje produktspesifikk informasjon om at alkohol inngår i visse produktpakkar - også i sosiale medier. Men dette er ikkje nok for å beskriva opplevelingane.

Ein må kunne formidla opplevelingar i både tekst og bilete (herunder video). Å sjå biletet av menneske med eit glas i handa som vert vist rundt på garden eller sit ved eit flott dekka bord med mat og drikke, må til for å selja inn kulinariske opplevelingar. For hotell, aktivitetstilbydarar, fellesorganisasjonar som siderklynga, destinasjonsselskap, stiftinga norsk mat o.l. må dette vera marknadsmateriell som kan utarbeidast og nyttast i sosiale medier.

Me ynskjer

- at det blir gjeve unntak til å gi nøktern og faktabasert informasjon når alkohol inngår i mat- og drikkepakker ved ein skjenkestad eller når opplevingar knytt til alkohol inngår i reisearrangementer.
- ein kan nytte ikkje-produktspesifikke bilder og video.
- gardsnamn og produsentnamn må kunne vera del av produktkildringa.

2. Formidling av kultur, historie og det heilskaplege konseptet på gardane - frå jord til bord.

I 2024 er sosiale medier kanal nummer 1 for å byggja identitet og merkevare, samt kommunikasjon mot potensielle kundar. Me ynskjer å kunne formidla historia om bonden, folket på garden, landbruk, historie, kultur og kva me driv med i dag, herunder produksjon av alkohol. SoMe er ein viktig formidlingsarena for å visa korleis mat og drikke vert til.

Me ynskjer:

- at for produsentar som oppfyller krava til «heilskapsleg konsept» og har løyve til gardsutsal blir det tillatt å visa produksjon av alkoholhaldig drikke i tekst og biletet både på nettside og i sosiale medier. Bileta skal vera nøkterne og ha produksjonsprosessen og ikkje alkoholen i fokus. Spesifikke alkoholhaldig produkt (etikett) skal ikkje framgå av biletet.

3. Konkurransevidande kommunikasjonsforbod:

SoMe er ikkje avgrensa til landegrenser. Som norsk produsent av alkohol, har ein ikkje lov å fortelja om alkoholproduksjon i SoMe, medan våre utanlandske konkurrentar kan treffa norske forbrukarar gjennom sine kanalar. Som norsk produsent har ein heller ikkje lov til å oppretta SoMe-konto som er retta mot utanlandsk publikum.

Det er eit potensiale for å eksportere norsk sider. Fleire målretta tiltak knytt til dette er allereie i gang. Blant anna politisk påverknad om å tilby sider på ambassadane, Grüne Woche og delegasjonar mot utanlandske marknader. Me har målsetning om å eksportere 900 000 liter sider i 2030. Då er det viktig for oss at lovverket i Noreg heng med i denne utviklinga og satsinga.

Me ynskjer:

- at lukka sosiale mediekontoar som inneholder informasjon om alkohol, kan få opp innhald frå produsenten. Ei forutsetning at følgjarane aktivt trykkjer "følg" og bekreftar at dei er over 18 år,
- at det er tillatt å oppretta eigne lukka sosiale mediekontoar retta mot utanlandsk marknad.

Fakta om sidernæringa i Noreg

Sal 2022:
680 000 liter

Målsetting sal 2030
2,9 millionar liter

Sidernæringa i Noreg er i sterkt vekst. På siderlandet.no er det registrert 55 produsentar landet over, men talet er endå høgare. Vinmonopolet selde 318 000 liter norsk sider i 2023, noko som er ein volumvekst på 14,3 % samanlikna med året før. Sider vert trekt fram i salsrapporten til

Vinmonopolet som ein av dei positive trendane. Samstundes utgjer ikkje sidersalet på Vinmonopolet meir enn 0,41% av det totale salet.
<https://www.vinmonopolet.no/content/salgstall/salgstall-2023>

Ein hovuddel av sidernæringa er knytt til reiseliv. Det blir etablert lokale konsept, sidergardane tek imot besøk, gjestene vert forhåpentlegvis verande lenger i regionen og i Noreg. Destinasjonsselskapa innan reiseliv er positive til sidernæringa og kommuniserer tydeleg at dette er eit etterspurt tilbod blant turistane og turoperatørane.

Hovudkanaler for sal

1. Vinmonopolet
2. Gardsutsal
3. Horeca
4. Daglegvare
5. Ekspорт (ei framtidig satsing)

Lofthus

26.01.2024

Med venleg helsing

Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin (HANEN)

Olav Bleie Hardanger Siderprodusentlag Leiar	Monika Wessel Midt-Norsk Siderlaug Nestleiar	Endre Kleiveland Sogn Frukt- og siderlaug Styremedlem
Jann Vestby Nordfjord Siderlaug Styremedlem	Dan Olav Sæbø Rogaland siderlag Styremedlem	Ole Albert Vig Fagutvalget for Fruktvin Styremedlem
Ole Christoffer Røste Telemark siderprodusentlag Styremedlem	Bernt Bucher-Johannessen HANEN Sekretærariat	Anna G. Langesæter Hardanger siderprod.lag Observatør



INVITASJON TIL OMVISING OG ORIENTERING OM HESTHAMAR SKRIVARGARD

Hesthamar skrivargard nærmar seg no ferdig restaurert. I løpet av 2024 vil det meste av arbeidet vera gjennomført. Vi kan difor visa fram heile hovudhuset, den oppgraderte hagen og den nye utescena. Huset er ein autentisk 1700-talsbygning, og det er mellom dei husa som er best teke vare på i Noreg. I tillegg til å vera sorenskrivargard gjennom om lag 200 år, har huset og garden m.a. vore brukt som fattiggard og som jordbrukskule. Dessutan har det, gjennom nokre tiår, husa filosof Arild Haaland. Huset vart freda i 1923.

I fjor kunne skrivarhuset feira 300 års jubileum. I den samanheng fekk vi m.a. tildelt Kulturminnefondet si nasjonale utmerking for godt bevaringsarbeid
<https://kulturminnefondet.no/prosjekt/hesthamar-skrivargard/>

Vi hadde eit aktivt år med omvisingar og eit omfattande program. Programmet for 2024 er under utarbeiding. Vi vil ha omvising kvar sundag i perioden 30. juni – 4. august. I tillegg har vi samarbeid med Jon Aga ved Utne hotell om bruk av huset, og det er mogleg å besøka Skrivargarden etter avtale utanom dei fastsette tidene.

Vi ynskjer no å visa fram huset og staden til potensielle samarbeidspartar og reiselivsverksemder, og vil med dette invitera til omvising og orientering om Skrivargarden.

Det er sett opp to alternative dagar:

Måndag 6. mai og måndag 13. mai. Begge dagane kl. 11.00-14.00.

Dersom nokon heller ynskjer å koma på eit anna tidspunkt, eller ynskjer å koma med ei heil gruppe, må de gjerne ta kontakt for å avtala nærmere.

Til orientering kan det nemnast at utanom dei ordinære opningstidene, har vi fylgjande prisar: Grupper inntil 10 personar: kr 750, deretter kr 75 pr person ekstra

Påmelding

Vi vil be om skriftleg påmelding til post.stiftinga@hesthamar-skrivargard.no innan 21. mars d.å. Det er fint om de samstundes skriv kor mange som kjem. Det vil verta servert kaffi/te og noko å bita i.

Velkomne til Hesthamar!

Beste helsing

Aud Mari Eitrheim
for Stiftinga Hesthamar skrivargard

Meir informasjon om Hesthamar skrivargard finn de her:

www.hesthamar-skrivargard.no

Invitasjonen er sendt til:

Hardanger og Voss museum
Kraftmuseet
Baroniet Rosendal
Damsgård Hovedgård
Utne hotel
Hotel Ullensvang
Kinsarvik Fjordhotell
Hardanger House
Hardanger Hotel
Trolltunga Hotel
Tyssedal Hotel
Vøringsfoss Hotel
Hardangerfjord Hotel
Thon Hotel Sandven
Kinsarvik Camping
Harding Motell og Hyttetur
Eikhamrane camping
Camp Lothepus
Trolltunga Camping
Juklafjord
Kramsjø
Visit Hardangerfjord
Book Hardanger
Turistkontoret Ullensvang
Hardanger Fjordsafari AS
Ullensvang Reiseliv
Ullensvang kommune v/avd. for kultur, næring og samfunn
Hardangerrådet
Næringshagen i Ullensvang
Hardanger Historielag
Siderbåten – The Fjords
Siderhuset Ola K.
Alde Sider
Edel Sider
Kvestad Sideri
Store Naa Siderkompani
Aga Sideri
Sentralbadet litteraturhus
Litteratursymposiet
Hardanger Musikkfest



Møtedato 21.03.24

Saksansvarleg Trude Rinaldo

**HR-sak 07.24 Søknad om støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til
Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter
for Hardangerregionen-Fase 2**

Saksutgreiing:

Hovudprosjektet- fase 1: Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardangerregionen er gjennomført og rapport vert levert 30.04.2024. Å utvikla ein lokal fjernarbeidspolitikk med dei mogleheitene det kan medføra er anbefalt gjennom forsking og erfaringar. I fase 1 har ein sett på arbeidsgjevar si rolle, medan fase 2 skal handla om arbeidstakar.


Hardangerkommunane eig prosjektet saman, og er invitert til å gjennomføra fase 2. Forskinsinstituttet NORCE vil leia også denne fasen.

Finansieringsmodell er planlagt likt som i fase 1, dvs Sparebankstiftinga Hardanger vert omsøkt kr 500.000,- og kommunane/herada dekkjer 500.000 etter Hardangerrådsnøkkelen.

Konkret løying frå kvar kommune/herad må stadfestast gjennom vedtak i kvart kommune-/heradsstyre.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner å senda søknad til Sparebankstiftinga Hardanger om støtte på kr 500.000 til hovudprosjektet- fase 2: "Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardangerregionen". Søknaden føreset fullfinansiering og at kommunane/herada sin del av prosjektkostnadane vert stadfesta gjennom vedtak i kvart kommune-/heradsstyre.



Møtedato 21.03.24

Saksansvarleg Trude Rinaldo

**HR-sak 08/24 Norsk Hydrogensymposium 2024
Søknad om støtte**

Saksvedlegg:

Vedlegg: Søknaden om støtte Norsk Hydrogensymposium 2024

Saksutgreiing:

Visjonen er ambisiøs på vegne av hydrogensatsinga og Hardangerregionen og lyder: "*Bli en verdensledende region for industriell hydrogenteknologi og produksjon*". Det er noko Hardangerrådet kan stilla seg bak.

Dette er 5. gong Norsk Hydrogensymposium i Tyssedal vert arrangert, og har etablert seg som ein internasjonal møteplass for miljøet rundt hydrogensatsinga både nasjonalt og internasjonalt i Hardanger. Konferansen arbeider for at Tyssedal og regionen vår er med å formar framtidas industri, men legg også stor vekt på å presentera Hardangerregionen både for turistar og som bu- og arbeidsregion.

Hardangerrådet har støtta arrangementet økonomisk heilt frå starten og me ser at dei regionale prosjekta har framdrift og at symposiet medverkar sterkt til å setja Hardanger og Vestland på kartet for den viktige hydrogensatsinga.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar Norsk Hydrogensymposium med kr 25.000,- Beløpet vert løyvd frå restmidlar Regionalt næringsfond. Hardangerrådet og Merkevare Hardanger vert profilert som samarbeidspartnar

HYDROGENSYMPOSIUM 2024

Sponsorsøknad



Smelteverket 57, 5750 Odda
53 65 07 00

www.h2symposium.com

Presentert til:



Presentert av





VISJON

Bli en verdensledende region for industriell hydrogenteknologi og produksjon.

Målsetting

- Utforske essensielle muligheter og utfordringer innen hydrogenteknologien på kort og langsikt
- Dele erfaringer og løsninger for å drive vekst og bærekraft

VISJON OG MÅLSETTING

Hardanger- i sentrum for Norges hydrogensatsing

Hardanger Industri og Næringshagen i Ullensvang med flere samarbeidspartnere planlegger å arrangere Norsk Hydrogensymposium i Tyssedal for 5. gang i mai 2024.

Konferansen tar for seg spennende og aktuelle temaer innenfor industri, teknologi, sikkerhet og forskning.

I tillegg til å være en faglig konferanse legger vi stor vekt på å presentere regionen under konferansen. Det blir servering av lokal mat og drikke og kulturelle innslag fra lokale kunstnere. At vi bruker en tidligere kraftstasjon som ramme rundt symposiet gir oss også en mulighet til å fortelle den snart 150 år gamle industrihistorien vi har i Hardanger, og at vi bruker den til å skape morgendagens energiløsninger.

Denne arenaen kan også synliggjøre hva regionen har å by på, både som en variert og attraktiv arbeidsregion, men også de fasilitetene som området kan tilby for tilreisende og fastboende.

Arrangementet Norsk Hydrogensymposium er med på å sette regionen på kartet og viser at vi er med på å forme fremtidens industri.

Vi søker om et bidrag på kr. 25 000 for å sikre gjennomføring av arrangementet.

Hva får du igjen av å sponse konferansen?

LOGOEKSPONERING

- Logo på sponsorside på www.h2symposium.no
- Logo på nyhetsbrev og invitasjoner i forbindelse med H2Symposiet
- Logo nederst på nettartikler publisert av Næringshagen i forbindelse med H2Symposiet
- Logo i konferanselokalene

VERDISKAPNING

- Utrette noe positivt for lokalsamfunnet og næringslivet
- Oppmerksomhet og positiv omtale blant publikum, kunder og leverandører.
- Nettverksbygging

BILLETTER

- Rabattert pris

STANDS ETC.

- Mulighet til å ha egen stands, rollup, merch eller annet under konferansen

OM OSS

Ullensvang og Hardanger har store industriaktører og store mengder ren vannkraft.

Med anvendelse av industriell hydrogenteknologi kan regionen få enda bedre bærekraftig ressursbruk og samtidig posisjonere seg som en av de første region som utnytter mulighetene med hydrogenteknologi på denne måten, med produkter som også verdensmarkedet kan dra nytte av.

I Hardanger er det flere pågående hydrogenrelaterte prosjekter og piloter som banner for et teknologibasert hydrogenmarked der en utnytter ressursene samfunnet har tilgjengelig på en mer bærekraftig måte

Symposiet ønsker å legge til rette for gode og konkrete diskusjoner om hydrogenmulighetene i Norge med Vestland som utgangspunkt. Vi ønsker å komme til bunns i muligheter og løsninger som beveger seg i forskjellige sektorer, som sjøtransport, landtransport, industri, eksport og teknologi.

Årets hydrogensymposium vil ha fokus bærekraftig energibalanse for industri og transport.

Nøkkeltall for hydrogensymposium 2022

- 120 deltagere
- 22 foredragsholdere


OM ARRANGEMENTET

FRAMDRIFTSPLAN

Januar	Februar	Mars	April	Mai
Nettside og foredragsholdere Forespørsler sendt ut og lansering av nettside	Billetter og invitasjon Salg av billetter på Hoopla.no	Markedsføring og program Profilerings materiell og komplett program	Siste forberedelser	Konferanse dager
				23.-24.mai

2023

- Konferanselokale er booket
- Overnatting er booket
- Planleggingsmøter med styringsgruppe/arrangørteam
- Budsjett





Lokasjon


Kraftstasjonen i Tyssedal
5750, Odda

Industrisamfunnet Tyssedal er et fremtredende eksempel på veksten av Norge som en moderne industrinasjon, etter at unionen mellom Norge og Sverige ble oppløst i 1905.



Målgruppe

Lokalt og regionalt næringsliv, samarbeidspartere, kommunal og fylkeskommunal sektor, akademia og andre interesserenter



Arrangørteam



Ingvald Torblå

Arrangør

Styreleder i Hardanger Industri, direktør i Odda Technology og styreleder for Odda Digital System.



Amanda Bjørnenak

Arrangør

Prosjektleder og kommunikasjonsansvarlig i Næringshagen i Ullensvang.



Sveinung Føllesdal

Arrangør

Forretningsutvikler og arrangementansvarlig i Næringshagen i Ullensvang.

Samarbeidspartnere





KONTAKT OSS

NORSK
HYDROGENSYMPOSIUM



Hardanger
Industri

www.h2symposium.no




Amanda Bjørnenak,
kommunikasjonsansvarlig

amanda@nhullenvang.no
+ 47 91 695 656



Sveinung Føllesdal,
arrangementansvarlig

Sveinung@nhullenvang.no
+ 47 47 409 826



Møtedato 21.03.24

Saksansvarleg Trude Rinaldo

HR-sak 09/24 Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Saksvedlegg:

Vedtak frå Rådmannsforum 09.02.2024

HR-sak 03/23: Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden Oppstart av planarbeid

Vedlegg 1: Presentasjon frå Vestland fylkeskommune v/Eva Katrine Taule

Vedlegg 2: Presentasjon frå Nordhordlandsrådet v/ Bent Gunnar Næss

Saksutgreiing:


Dette er ei sak Hardangerrådet har sett på ved fleire høve. Sist i januar 2023, då dette vedtaket vart gjort:

Særutskrift HR 19.01.2023: *"Vedtak Hardangerrådet utarbeider ein ikkje juridisk bindande felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Planen skal vera forankra i PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid. Oppstart av arbeidet skjer etter kommunevalet 2023. Regionrådet sender saka over til rådmannsforum for vidare oppfølging mot planavdelingane i medlemskommunane."*

Rådmannsforum har i møte 09.02.2024 diskutert saka. Der ber dei på grunn av lang tid og ukjart mandat/vedtak om ny diskusjon i Hardangerrådet.

Framlegg til vedtak

Ikkje framlegg til vedtak



Kort referat frå minimøte på teams i rådmannsforum fredag 09.2.24

Tilstade: Anita Hesthamar, Thore Hopperstad og Magnus Steigedal

Ikkje tilstade: Ole-Jørgen Jondahl

Prosjekt fjernarbeidsplassar:

Norce v/ Kåre Hansen informerte om agenda for heildagssamling i Norheimsund den 11.3 (sjå vedlagt).

Me hadde kort dialog om kven som bør være med og endte opp med

- Frå politisk nivå er det ordførar og/eventuelt varaordførar som bør delta.
- Administrativt ser me for oss minimum 5 deltarar frå kvar kommune.
 - Der rådmann, næringssjef/rådgjevar, plan, HR/personal, eventuelt andre aktuelle ut i frå intern organisering i dei ulike kommunane.
- Me ynskjer å invitera inn Hardanger og voss Næringshage (1-2 stk), samt det same frå Næringshagen i Ullensvang
- Kvar kommune tar kontakt med lokalt næringslag for å høyre om dei vil delta med leiar eller liknande utskrekt person.

Hardangerrådet og rådmannsforum framover:

Magnus gir tilbakemelding/tar dialog med Trude Rinaldo for å få innkalling med saksliste oversendt til alle rådmenn/kommunedirektørar i god tid før Hardangerrådsmøta.

Gir og tilbakemelding på at når saker vert meldt inn på sjølve møtedagen er det ikkje lett å samordne og undersøke om den enkelte kommune har innspel eller liknande til saka.

Når det gjelder organisering av Hardangerrådet så diskuterte me status og avventar vidare kva som skjer med tilsetting av dagleg leiar.

Magnus kaller inn til korte samordningsmøter i rådmannsforum i høve sakslistene til Hardangerrådet framover.

Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden

Viser til vedtak i Hardangerrådet i 2023 :

Vedtak:

Hardangerrådet utarbeider ein ikkje juridisk bindande felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Planen skal vera forankra i PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid.


Oppstart av arbeidet skjer etter kommunevalet 2023.

Sender saka over til rådmannsforum for vidare oppfølging mot planavdelingane i medlemskommunane

Me diskuterte kort vedtaket og det faktum at det ikkje har skjedd noko her på eit år no.

Me ynskjer å sende saka tilbake til Hardangerrådet for diskusjon, og helst eit endå klarare mandat/vedtak i høve saka.

Ynskjer og at Hardangerrådet ved sekretær/dagleg leiar koordinerer eventuelt vidare oppfølging og møter på tvers av kommunane.



Møtedato 19.01.2023

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 03/23 Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden
Oppstart av planarbeid**

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Presentasjon frå Vestland fylkeskommune v/Eva Katrine Taule
Vedlegg 2: Presentasjon frå Nordhordlandsrådet v/ Bent Gunnar Næss

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har ved fleire høve drøfta mogeleg felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Orienteringar frå Vestland fylkeskommune og Nordhordlandsrådet har gjeve regionrådet nyttige innspel vedr. val av plantype og framdriftsplan for arbeidet.

Tilrådinga frå Vestland fylkeskommune er å utarbeida ein felles plan etter PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid.

Tilrådinga peikar på at ein ikkje juridisk bindande plan bør leggjast til grunn og det er ein føremon at heile planprosessen skjer i same valperiode. Det vert difor tilrådd at planarbeidet startar etter kommunevalet i september 2023.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet utarbeider ein ikkje juridisk bindande felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Planen skal vera forankra i PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid. Oppstart av arbeidet skjer etter kommunevalet 2023.



Vestland
fylkeskommune

Arealforvaltingsplan Hardangerfjorden

Orientering til drøfting for Hardangerrådet

Vedtak Hardangerrådet 17.12.2021:

Hardangerrådet bed administrasjonen
utarbeida framlegg til prosjektplan for
felles arealforvaltning av
Hardangerfjorden, avgrensa til områda
innanfor kommunegrensene våre.


Ein føreset at dette vert finansiert med
prosjektmidlar frå Vestland
fylkeskommune.

Ein bed om at Voss herad vert kontakta i
denne prosessen.



Diskusjon med fokus på:

- Plantype
- Omfang
- Geografisk avgrensing
- Juridisk binding



Nasjonale forventingar 2019-2023

- Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Regjeringa legg vekt på at det skjer ei samordning mellom myndigheiter og lovverk gjennom planarbeidet. Ny kunnskap og digitale verktøy gir fylkeskommunar og kommunar eit betre grunnlag for planlegginga.
- Kommunane utarbeider arealstrategiar som del av samfunnssdelen til kommuneplanen, og legg desse til grunn ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen

Plantyper – Plan- og bygningslova

Interkommunalt plansamarbeid

PBL §9-1 – 9.7


«To eller flere kommuner bør samarbeide om planlegging etter pbl når det er hensiktsmessig å samordne planleggingen over kommunegrenser. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantyper.»

For planprosess og innhold i planane gjeld reglene for vedkomande plantype. Kvar kommune har ansvar for at sakshandsamingsreglane vert følgt innanfor sitt område.

Interkommunal planlegging av sjøareal

Rettleiar Planlegging i sjøområdene, KMD 2020

- Et interkommunalt plansamarbeid gjør det mulig å se ulike arealbehov, nærings- og samfunnsinteresser i sammenheng, og gjøre vedtak om felles bruk og vern av ressursene
- Interkommunale planer for kystnære sjøområder er et godt verktøy for å skape et felles grunnlag og gi rammer for gjennomføring eller videre kommunal planlegging. Interkommunal samordning kan gi bedre kystsoneplanlegging, hvor også sjøfartsinteresser, fiskeri- og havbruksinteresser og miljøhensyn kommer sterkt inn.



Plantypar og juridisk binding- PBL

Interkommunal temaplan

- PBL sine reglar for medverknad, høyring og vedtak
- Utan bindande arealkart, men kan ha retningsgjevande plankart
- Politiske mål
- Arealstrategiar som peiker på oppfølging i kommuneplanens arealdel
- Kunnskapsgrunnlag
- Handlingsdel

Interkommunal arealplan

- Føl dei samme krava som kommuneplanens arealdel:
 - Planomtale, plankart, føresegner, kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing
 - Døme Vestland:
Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland
[Plan for sjøreal - Region Nordhordland](#)

Regional plan

Lovkommentar:

For avgrensa planutfordringar, enten geografisk eller tematisk, vil samarbeid enten kunne organiserast som regional plan eller interkommunalt samarbeid.

Bør drøftast i samband med regional og kommunal planstrategi

Døme:

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger



 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



**Regional kystsoneplan for
Sunnhordland og ytre Hardanger**

Planforslag 25.08.2017 – vedlegg til Fylkestinget oktober 2017

Omfang/kjelder for planlegging i sjø:

- Akvakultur
 - Ankringsområder
 - Fiskeriinteresser
 - Sjøvegs ferdsel
 - Forsvarets arealbruk
 - Naturmangfold
 - Friluftsliv
 - Landskap
 - Vasskvalitet
 - Forureining
 - Marine ressursar
- [Kunnskapsgrunnlag IKP Nordhordland](#)
 - [Kjelder til kunnskapsgrunnlag](#)

Geografisk avgrensning






Interkommunale planen for sjøareal i Region Nordhordland

 ALVER KOMMUNE	 AUTRHEIM KOMMUNE	 FEDJE KOMMUNE	 GULEN KOMMUNE HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE
 MASFJORDEN KOMMUNE	 MODALEN KOMMUNE	 OSTERØY KOMMUNE	 VAKSDAL KOMMUNE



Samarbeidsprosjekt mellom 8 kommunar i Nordhordland

Organisering



Prosessen fram til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn



- Vedteke av IKPU juni 2021
- Hausten 2021
- 61 innspel
 - 14 grøne
 - Rest gult og raude


- Kystverket – endring av arealinnspelet – redusere konflikt
- Kommunen vurderte også innspela
- Krav reguleringsplan
- Føresegn – krav der
- Kom inn eit innspel til
- 40 arealendringar
- 22 vart ikkje med

Tabell 7: Oversikt over vurderingane av dei 61 innspela – «1 gongs» vurdering

Samla vurderingar av enkeltinnspel		
14	16	31
Ingen eller få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege	Middels konsekvens / noko konfliktpotensial / moderat	Klar negativ konsekvens / stort konfliktpotensial og/eller låg

	Utvididing/endring	Nytt	Totalt
Akvakultur	15	7	22
Hamne-område / næring	1	4	5
Småbåt-anlegg/hamn	1	12	13
Totalt	17	23	40

REGION
NORDHORDLAND



Prosessen vidare

Høyringsfrist 6. des

- Alle kan kome med innspel på forslaget
- Kommunane må syte for at politiske innspel kjem no!

Handsaming innspel

- Vurdering
- Regionale mynde og motsegn

Endringar og behov for 2. GH

- Må vurderast

Børe vere avgjort – jan 2023

Endeleg framlegg frå IKPU

- April / mai 2023


Vedtak arealplan i
kommunestyra innan
juni 2023!

Utfordringar for oppdrettsnæringa i Vestland

Som vi ikkje greier å løyse i ein arealplan!

Kva kan gjerast?


Akvakultur -




- Vestland – var største oppdrettsfylke fram til 2020 – nå er Troms og Finnmark og Nordland større
 - Lite vekst sidan 2012 (snart 10 år)
 - Det som er av vekst – skjer Trøndelag og nordover

Risikorapport (Havforskningsinstituttet)

2.4.4 - Produksjonsområde 4 - Nordhordland til Stadt



Figur 2.6. Visualisering av risikobilde for dødelighet på utvandrende postsmolt i produksjonsområde 4 (PO4) Nordhordland til Stadt.




Figur 4.5 Visualisering av risikobilde for ytterligere genetisk endring i villaksbestanden i produksjonsområde 4 (PO4), Nordhordland til Stadt.



Figur 7.3. Risikokart for miljøeffekter som følge av utsipp av kobber fra fiskeoppdrett i produksjonsområde 3 (PO3), Karmøy til Sotra og produksjonsområde 4 (PO4), Nordhordland til Stadt.

Det er ingenting som tyder på at PO4 kommer ut av rød sone



Villaksen – status
– därleg –
raudlista
- flytta seg frå
«Livskraftig» til
«Nær truet»

Kva kan vi gjere?

- Premiere – det vi ønsker! (Det gjer vi med oppdrett på land!)
(Straffe det vi ikke ønskjer)

Vist til rapportane
«Havbruk – Menon-publikasjon nr 79/2021»
Norske lakseelver

«Bærekraftig vekst med lukkede
anlegg i sjø, Stavanger 5.04.2021» – FLO sjø
(FLO – Flytende lukka oppdrettsanlegg)




RAPPORT
HAVBRUK:
NYE VIRKEMIDLER FOR VERN AV MILJØ, BEDRE
FISKEVELFERD OG ØKT VERDISKAPING



Laksearving om skattesystemet: – I dag er vi idioter som gjør dette

ROSENDAL (E24): Laksearving Sondre Eide irriterer seg grønn over at lakseskattesystemet ikke legger mer til rette for bærekraftig havbruk.



Vil lukke merdene

Eide Fjordbruks nye teknologi «Watermoon» skal sørge for at lukkede anlegg på sjø er både rømningssikre, lakselusfrie og lite energikrevende. Avfallet fra laksen kan samles opp og brukes som biodrivstoff, eller behandles for å gjenvinne fosfor og protein.

I dag skiller det ikke mellom lukkede og åpne anlegg på sjøen.

Konsesjonene koster rundt 200.000 kroner per tonn biomasse. Eide Fjordbruk har konsesjoner til en verdi av rundt 1,5 milliarder kroner.

For lukkede merder på land, må en ikke betale for konsesjoner.

– Å blåse bort hele strandsonen vår for å sette opp landbaserte anlegg ... Hvorfor kan de ikke flyte i fjorden? Det er et naturinngrep som ikke er evigvarende, sier Eide.

Kan ha «lukka» anlegg i sjø som gir

- Utan lakselus
- Mindre rømming – sikrare
- Samle inn ein del av avfallet/foret – mindre forureining - Resirkuleringsøkonomi

Det kunne gitt oss



- Høgare produksjon på sikt
- Villaksen – betre forhold

ER mindre bedriftsøkonomisk lønnsamt – men
truleg samfunnsøkonomisk lønnsamt å gjere
endringar

Det er utfordringar med tette anlegg
også – det er biologi – ikkje berre
teknikk!

– må meir forsking og utvikling!

TEMPO MÅ OPP!



HI – lokalitetsstruktur i PO4 (2020-48)

«Metode» - for å komme ut av raud sone


- Størst prikk – erstatta med tett anlegg
- Dei som investerer må «premierast»
 - Dei som ikkje investerer må vere med å betale


Alle vil nyte godt av gevinsten med frafall av nedtrekk og evt auka produksjon!

- **Synleggjering av dette må gjerast av**

- HI – lakslus – modell for å kome til grøn sone
- **Økonomi** – berekne gevinsten – bedrift og samfunn

Akvakultur – utvikling





Møtedato 21.03.24

Saksansvarleg Trude Rinaldo

HR-sak 10/24 Orienterings- og drøftingssaker

- **Invitasjon til dialog om strategi for lading av tunge kjøretøy i Vestland**
Vedlegg: Invitasjon
- **Tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland**
Vedlegg: Mail fra VGS i Vestland

Invitasjon til dialog om strategi for lading av tunge kjøretøy i Vestland

Vestland fylkeskommune skal bidra til å bygge ut ladeinfrastruktur for tunge kjøretøy og treng innspel fra interesserter.

I samanheng med fylkesbudsjettet for 2024 kom politikarane med følgjande bestilling:

«Fylkestinget ber Fylkesdirektør i samarbeid med transportnæringa og aktuelle kommunar utarbeide ein overordna plan for ladeinfrastruktur for tunge kjøretøy i Vestland. Evt. kostnad vil ein komma tilbake til på eigna måte.»

Me arbeider no med å utvikle ein strategi for lading av tunge kjøretøy i Vestland.

Det er viktig for oss at vi ikkje overlappar andre satsingar, men heller nytter Vestland fylkeskommune sine midler til å utfylle eksisterande satsingar, som til dømes Enova si stønadsordning.

Dette betyr at Vestland fylke sine midler bør nyttast i regionar og strekningar som ikkje kjem inn under Enova sine prioriterte områder.

For å lage ein strategi der man kan nytte midla der det er behov, ynskjer fylkeskommunen no gjerne å få innspel og tilbakemelding på ulike spørsmål:

- Kva overordna mål bør ein strategi for lading av tunge kjøretøy i Vestland ha?
- Kva regionar/strekningar bør prioriterast? Er det særskilde område/næringsområde ein bør prioritere, som til dømes hub-ar i Grøn Region Vestland?
- Skal ein satse på dedikerte ladalar til tunge kjøretøy eller løysingar for sambruk?
- Både areal- og effektbehovet er større enn for vanlege ladeplassar for personbil. Kva omsyn bør strategien ta når det gjeld areal og effekt? Kva må ein unngå og kva må ein ta omsyn til for å unngå målkonfliktar? Vil det vere positivt å samlokalisere elbillading med fylling av andre energiberadar, som til dømes biogass og hydrogen?
- Kva er støttebehovet?
- Korleis kan Vestland fylkeskommune bidra?
- Andre innspel?

Vidaresend gjerne til andre i eigen eller andre organisasjonar, som de tenkjer kan ha relevante innspel.

Frist for innspel er mandag 1 april, dvs 2 påskedag.

Med helsing

Torill Monstad
seniorrådgjevar

seksjon for grøn næringsinfrastruktur

avdeling for næring, plan og innovasjon



Tlf: 988 40 112

www.vlfk.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.



Hardangerrådsmøte 21.03.2024 - førebuing

Knoch, Timo <Timo.Knoch@eidfjord.kommune.no>
Til: "trude.rinaldo" <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

13. mars 2024 kl. 12:39

Hei Trude!

Det ser bra ut! Vidaresendte ein epost ang. ladeinfrastruktur for tungtransport som me lyt diskutera.

I tillegg kan me setja opp tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland jmf. dagens vedtak i *Hovudutval for opplæring og kompetanse* i VLFK: «*Fylkesutvalet vedtek å sende høyringsforslaget for heilskapleg plan for tilbodsstruktur på offentleg høyring i seks veker.*» Det er ikkje lagt ut på høyring enda, men me kan diskutera høyringsforslaget ([Utvalsmøte \(elementscloud.no\)](#), sjå sak 18/2024; sjølvé forslaget er på 51 MB og kan ikkje leggjast ved... 😊).

Innkalling til årsmøtet er det styret som utarbeidar og sender ut?

Mvh, Timo

Timo Knoch

Ordførar



Sentralbord: 53 67 35 00

Direkte: 977 41 715

Besøksadresse: [Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord](#)

[www.eidfjord.kommune.no](#)

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngående og utgående e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

[Siert tekstu skjult]